

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 22.11.23

Stad: Fjordsenteret

Sak 30/23. Søknad frå Steinbergdalshytta om felles bruk av snøskuter

Saksopplysning/vurdering:

Solveig Kvakestad, eigar av Steinbergdalshytta, har i e-post den 6. oktober kome med spørsmål om det let seg gjera å koma til ein avtale om felles bruk av den snøskuteren som fjellstyret har stasjonert i garasjen i Brubotn. Kopi av e-posten ligg ved. Ho skriv at hytta står utan nokon brøyteavtale for komande vinter, og at bruk av snøskuter til transport av varer frå vegen og opp til hytta vil vera eit aktuelt alternativ. I staden for å kjøpa eigen skuter, lurar ho på om det let seg gjera med ein sambruksavtale for ein av fjellstyret sine. I førespurnaden den 6. oktober skriv ho at ho ser føre seg at skuteren vert plassert i Stemmerdalen, men ho skriv i ein seinare e-post at det kan vera interessant med sambruk sjølv om skuteren vert lagra i garasjen i Brubotn. Ei leige som dekkjer drivstoff, forsikring og andre driftskostnader vert nemnd.

Det er ein Yamaha Viking fjellstyret har ståande i garasjen i Brubotn. Denne er ikkje fælt mykje i bruk gjennom vinteren – kanskje ein dag i veka i gjennomsnitt frå februar og utover, mindre tidlegare på vinteren. Eg ser likevel ein hake med ein av avtale om sambruk, ved at ein somme tider kan koma til å oppleve at det vert meir tungvint å få skuteren klar til bruk når nokon i oppsynet skal ut, t.d. ved at han må lastast på hengar og fraktast framover dit han skal brukast. Lagring av skuteren i ein garasje der ein kan køyra ut direkte var noko av føremålet, då fjellstyret i 1991 gjorde avtale med Oslo Lysverker om kjøp av ein garasjeseksjon. Av den grunn vil eg ikkje tilrå at det vert gjort nokon avtale med Steinbergdalshytta om sambruk av snøskuter, slik det er søkt om.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret ynskjer ikkje å inngå nokon avtale om sambruk av snøskuter, slik Steinbergdalshytta v/Solveig Kvakestad har søkt om.

Fjellstyrekontoret, den 16.11.23

Harald Skjerdal

Fra: Solveig Kvakestad <post@steinbergdalshytta.no>

Sendt: fredag 6. oktober 2023 12:56

Til: Aurland Fjellstyre <aurland@fjellstyrene.no>

Emne: Spørsmål vedr snøscooter

Hei

Fra og med sist vinter står jeg uten brøyteavtale med Presis vegdrift for veien opp til Steinbergdalshytta, siden de ikke lenger skal ha kjettinger på fresen. Jeg har flere ganger prøvd meg på Eco, om de kan frese veien min, uten hell. Dette gjør det vesentlig mer tungvidt å bo på Steinbergdalshytta vinterstid. Nå har jeg landet på at jeg vil skaffe en lett snøscooter, så jeg kan kjøre opp og ned de gangene det er varer eller annet som skal med. (Jeg hadde en snøscooter en sesong, men den ble jeg aldri "venner med", siden den var så tung og uhåndterlig. Dermed solgte jeg den).

Så til spørsmålet mitt. Det er ikke sikkert det lar seg gjøre, men jeg tenkte jeg skulle undersøke.. Stemmer det at fjellstyret har en snøscooter i garasjen i Brubotten? Hadde det i så fall vært mulig å få til en sambruksavtale? Jeg ser for meg at den står her på Steinbergdalshytta, og at dere bruker den når dere har behov, og når den er ledig, kan jeg bruke den. Dere må selvfølgelig tenke en leie som dekker drivstoff, forsikring, slitasje..

Vennlig hilsen

Solveig Kvakestad

Daglig leder



STEINBERGDALSHYTTA

i AURLANDSDALEN